



Gutelaget spela uavgjort mot Søndre Land måndag. (Foto frå Rosendal Turnlag si heimeside).

Gutelaget til Rosendal/Uskedal spela 0-0 mot Oppland-laget Søndre Land under Norway Cup måndag.

Rosendal/Uskedal var i følgje rapportane det beste laget, og dei hadde mange store målsjansar. Det er og mogeleg at dei vart snytt for eit mål og dermed sigeren.

Dei scora på eit indirekte frispark. Dette vart ikkje godkjent av dommare, men i følgje vår rapportør såg 'alle' unnateke dommare at ballen var innom ein spelar før den gjekk i mål, og dermed skulle vore godkjend. Synd om det er rett, men slik er fotballen. Slike episodar skjer og i tippeligaen.

Av Thor Inge Døssland